

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 02.05.2013
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Sven Flo	Nestleiar	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	MEDL	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar
Maria Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
ST 6/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve ved Skålatårnet i samband med vedlikehaldsarbeid		2013/1687
ST 8/13	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve ved Skålatårnet 2013-2016 - Bergen Turlag		2013/1687

ST 6/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 02.05.2013

Vedtak

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

Arkivsaksnr: 2013/1687-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 30.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	7/13	02.05.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve ved Skålatårnet i samband med vedlikehaldsarbeid - Bergen Turlag

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt og naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil 12 landingar med helikopter ved Skålatårnet i perioden 3. mai til 30. september 2013 utanom sundagar og heilag dagar, for frakt av materiale, aggregat, verktøy og arbeidarar for å gjennomføre vedlikehaldsarbeid på Skålatårnet.

Løyvet blir gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransport skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Helikoptertransporten skal kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf.: 95 96 38 88) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyvet til helikoptertransport skal takast med under transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2013 om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 02.05.2013

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak:

Løyve med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt og naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil 12 landingar med helikopter ved Skålatårnet i perioden 3. mai til 30. september 2013 utanom sundagar og heilag dagar, for frakt av materiale, aggregat, verktøy og arbeidarar for å gjennomføre vedlikehaldsarbeid på Skålatårnet.

Løyvet blir gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransport skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Helikoptertransporten skal kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf.: 95 96 38 88) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyvet til helikoptertransport skal takast med under transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2013 om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune.

Saksopplysningar

Søknaden frå Bergen Turlag gjeld bruk av helikopter til transport av muremateriale, aggregat, verktøy og arbeidarar opp og ned til Skålatårnet i samband med vedlikehaldsarbeid på bygningen. Det er søkt om totalt 12 turar, der to av dei er til

persontransport. Når det blir brukt hengjande last tillèt ikkje helikopterselskap passasjerar, og det er difor behov for ekstra turar for transport av handverkarar.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.1). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for transport av material til hytter og klopper (verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt). Det er ikkje opning i verneforskrifta for persontransport i samband med restaurering, slik som det er søkt om. Dette må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova (nml.) som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i kap. VI i verneforskrifta. I følgje § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltningsstyresmaka gjere unntak frå vernevedtak dersom det ikkje strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Vurdering

Skålatårnet, som vart reist i 1891, har kulturhistorisk verdi. Det er difor viktig å få reparert og førebyggje skader på tårnet. Det er etter nasjonalparkforvaltaren si meining naudsynt at murearbeidet blir utført. Bergen Turlag har hatt løyve til transport i samband med vedlikehaldsarbeid på Skålatårnet i 2011 og 2012. I 2011 fekk dei gjennomført ein god del arbeid, medan dei i 2012 grunna vêrtilhøva ikkje fekk gjennomført den transporten som var planlagd. Det er denne transporten dei søkjer om nytt løyve til no.

Fråveret av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom friluftsliv. Drifta av Skålatårnet krev ein del motorisert ferdsel. Når det blir gjort større vedlikehaldsarbeid i tillegg til den vanlige drifta vil den motoriserte ferdsla auke monaleg, som vi har sett dei siste åra. Det er difor avgjerande at Bergen Turlag klarar å samkøyre transporten til dei ulike føremåla slik at dei avgrensar bruken av helikopter til det som er strengt naudsynt. Det er mykje friluftsliv knytt til Skålatårnet midt på sommaren, og særskild på dagar med fint vêr. Fint vêr er samstundes ein føresetnad for å kunne fly helikopter i området.

Det er ikkje registrert spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av helikoptertransporten. Gjennom fleire år med forvaltning har forvaltninga god oversikt over naturmangfaldet i området, og vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Det er som nemnt over ganske omfattande bruk av motorisert ferdsel knytt til Skålatårnet. Samtidig er det stor ferdsel av turgåarar. Ein kan diskutere om samla påverknad på området kan vere i meste laget (jf. nml. § 10). Per i dag har vi ikkje informasjon som tyder på at samla belastning på økosystemet er for stor, men vi bør vere på vakt for ei

utvikling mot stadig meir aktivitet i dette området. Helikoptertransporten er i utgangspunktet ikkje venta å føre til direkte skade på naturmangfaldet, men ved eventuelle utslepp og liknande vil tiltakshavar måtte dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skader på naturmangfaldet (jf. nml. § 11). Bruk av helikopter til transporten er sett på som den mest hensiktsmessige samanlikna med andre typar motorisert ferdsel (jf. nml. § 12).

Verneforskrifta opnar ikkje for persontransport slik det er søkt om her. Helikopter vil i alle tilfelle bli brukt til å frakte material og utstyr til Skålatårnet. Persontransporten vil difor føre til meir helikoptertransport, men ingen ny form for aktivitet samanlikna med resten av søknaden. Persontransporten vil og truleg gå føre seg i samband med resten av transporten, og difor ikkje føre til forstyrring andre dagar enn resten av transporten. Vurdert etter formålet med nasjonalparken er det også grunn til å leggje vekt på verdien av å ta vare på kulturverdiane og moglegheitene for utøving av tradisjonelt friluftsliv som Skålatårnet står for. Muring og anna vedlikehaldsarbeid må gjerast av fagfolk. Sjølv om dei kan gå opp, ser nasjonalparkforvaltaren det som tenleg at arbeidarane blir frakta opp og ned når det likevel blir nytta helikopter til transport av utstyr til arbeidet. Persontransporten i dette tilfellet kan slik nasjonalparkforvaltaren ser det ikkje samanliknast med til dømes å bruke motorisert ferdsel til rekreasjonsføremål. Nasjonalparkforvaltaren meiner difor at persontransporten i dette tilfellet ikkje er i strid med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig utover det som transporten av material og utstyr elles vil føre med seg, og at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 difor er oppfylt.

Nasjonalparkforvaltaren meiner at det er mest tenleg å bruke helikopter når det er naudsynt med motorisert ferdsel til Skålatårnet, som ligg 1848 moh. Ustabile vêrforhold gjer at det også må vere ein viss grad av fleksibilitet i løyvet med tanke på tidspunkt for transporten. Det er vanskelig å vurdere om det er naudsynt med tolv turar med helikopter. Kostnaden knytt til helikoptertransporten vil truleg avgrense bruken av helikopter til det som er naudsynt. Det er likevel på sin plass å ha med vilkår som seier at helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad. Av omsyn til friluftslivet er det grunnlag for å ikkje gi løyve til helikopterflyging på sundagar og heilagdagar.

Arkivsaksnr: 2013/1687-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 30.04.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	8/13	02.05.2013

Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om landingsløyve ved Skålatårnet 2013-2016 - Bergen Turlag

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt og naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil seks landingar med helikopter ved Skålatårnet i perioden 3. mai til 30. juli kvart av åra 2013-2016, utanom sundagar og heilag dagar, for transport av ved, gass, proviant med meir i samband med drift av Skålatårnet. I den grad det er naudsynt å frakte personar opp, kan to av turane brukast til å frakte personell opp og ned i samband med den øvrige transporten.

Løyvet blir gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransport skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Helikoptertransporten skal kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf.: 95 96 38 88) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.november kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 02.05.2013

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

Løyve med heimel i verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt og naturmangfaldlova § 48 blir gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil seks landingar med helikopter ved Skålatårnet i perioden 3. mai til 30. juli kvart av åra 2013-2016, utanom sundagar og heilagdagane, for transport av ved, gass, proviant med meir i samband med drift av Skålatårnet. I den grad det er naudsynt å frakte personar opp, kan to av turane brukast til å frakte personell opp og ned i samband med den øvrige transporten.

Løyvet blir gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransport skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Helikoptertransporten skal kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (tlf.: 95 96 38 88) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.november kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune.

Saksopplysningar

Bergen Turlag søker om løyve til transport i samband med drift av Skålatårnet i åra 2013-2106. Dei har behov for transport av ved, gass, proviant og utstyr, samla vekt ca. 4000 kg, samt retur av boss og tomgods. Dei gjennomfører normalt transporten i perioden mai-juni. Tal turar vil variere frå år til år, men dei søker om inntil fem turar per

år, fordelt på tre turar med ved, ein med proviant med meir og ein for persontransport. Når det blir brukt hengande last tillet ikkje helikopterselskap passasjerar, og det er difor behov for ekstra turar for persontransport. Dei søker om å få transportert opp personar som skal gjere klart returtransport av boss, og som skal ta seg av varene som blir frakta opp. Det er argumentert med at utstyret som blir frakta opp må kome under tak same dag som det blir frakta opp, for at det ikkje skal bli øydelagt. Dei er difor avhengig av å ha eit mottaksapparat på toppen. Drifta av Skålatårnet er basert på dugnad, og sidan Skålatårnet ligg på over 1800 moh vurderer søkjar det som lite aktuelt at dei som skal ta seg av varene går opp sjølve. Det har tidligare vore praksis at dei har fått løyve til persontransport som ein del av transportløyvet til drift av Skålatårnet. Dei ber om å få løyve til å gjennomføre transporten også på laurdagar, sidan dei som gjer arbeidet på dugnad då har fri frå arbeid.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.1). Forvaltningsstyresmaka kan gje løyve til motorferdsle for transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer (verneforskrifta kap. IV, pkt. 4.3, 2. strekpunkt). Det er ikkje opning i verneforskrifta for persontransport i samband med transport for proviantering, slik som det er søkt om. Dette må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i kap. VI i verneforskrifta. I følgje § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå vernevedtak dersom tiltaket ikkje er i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Vurdering

Bergen Turlag har hatt eit tilsvarande løyve til transport for proviantering i åra 2000-2002, 2003-2005, 2006-2008 og 2009-2012. Det har tidligare vore praksis å gi løyve for perioden 15. mai til og med 30. juni. Grunna dei spesielle vertilhøva ved Skålatårnet har det skjedd at Bergen Turlag ikkje har fått gjennomført transporten innanfor denne perioden, og det har vore naudsynt med eit utvida løyve til og med 30. juli. Sjølv om det er ein fordel å avgrense bruken av helikopter til den tida på sommaren det er færrest turgåarar i området, vurderer nasjonalparkforvaltaren det likevel som naudsynt å gi løyve for ein såpass stor periode slik at ein unngår å få ein ny søknad midt på sommaren.

Det er ikkje registrert spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av helikoptertransporten. Gjennom fleire år med forvaltning har forvaltninga god oversikt over naturmangfaldet i området, og vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Det er som nemnt over ganske omfattande bruk av motorisert ferdsel knytt til Skålatårnet. Samtidig er det stor ferdsel av turgåarar. Ein kan diskutere om samla påverknad på området kan vere i meste laget (jf. nml. § 10). Per i dag har vi ikkje informasjon som tyder på at samla belastning på økosystemet er for stor, men vi bør vere på vakt for ei utvikling mot stadig meir aktivitet i dette området. Helikoptertransporten er i utgangspunktet ikkje venta å føre til direkte skade på naturmangfaldet, men ved eventuelle utslepp og liknande vil tiltakshavar måtte dekke kostnadane ved å hindre

eller avgrense skader på naturmangfaldet (jf. nml. § 11). Bruk av helikopter til transporten er sett på som den mest hensiktsmessige samanlikna med andre typar motorisert ferdsel (jf. nml. § 12).

Verneforskrifta opnar ikkje for persontransport slik det er søkt om her. Det må difor gjerast ei vurdering av om tiltaket er i strid med verneføremålet eller om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Helikopter vil i alle tilfelle bli brukt til å frakte proviant med meir til Skålatårnet. Persontransporten vil føre til fleire turar med helikopter, men det vil gå føre seg i samanheng med resten av turane, og difor ikkje føre til forstyrring over fleire dagar enn det uansett vil bli brukt helikopter. Føremålet med denne persontransporten er å frakte opp personar som skal gjere ein jobb på turisthytta. Det kan ikkje samanliknast med til dømes å bruke motorisert ferdsel til rekreasjonsføremål. Diskusjonen om persontransport i samband med proviantering og liknande kjem i ein særstilling når det er snakk om helikopter. Dette kjem av at det ikkje er høve til å ha passasjerar i helikopteret når det blir frakta hengjande last. Dersom provianteringa hadde blitt gjort med bruk av snøskuter, hadde det ikkje vore noko i vegen for at to personar kunne sitte på ein snøskuter, utan at det hadde vore behov for å nytte naturmangfaldlova § 48 som heimel. For å avgrense bruken av motorisert ferdsel i nasjonalparken kunne ein ha sett som vilkår at dei som skal ta seg av varene ved Skålatårnet skal gå opp og ned att. Nasjonalparkforvaltaren vurderer likevel dette som eit urimeleg krav å stille. Drifta av Skålatårnet er basert på dugnad, og det vil krevje mykje tid frå frivillig mannskap dersom dei skal gå opp og ned att i samband med provianteringa. Vurdert etter formålet med nasjonalparken er det også grunn til å leggje vekt på at Skålatårnet er eit viktig tilbod til utøvarar av enkelt friluftsliv, som er ein del av verneføremålet. Ein viss grad av motorisert ferdsel må ein rekne med, sjølv i ein nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltaren vurderer på grunnlag av dette at bruken av helikoptertransport i dette tilfellet ikkje er i strid med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig, og at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 difor er oppfylt.

Kostnaden knytt til helikoptertransport gjer at tal turar truleg vil avgrense seg til det som er naudsynt. Det er likevel på sin plass å ha med eit vilkår som seier at helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og kombinerast med anna transport til Skålatårnet i størst mogleg grad. Det er søkt om inntil fem turar årleg. For å unngå at ein kjem i ein situasjon der det blir behov for fleire turar enn det er søkt om, foreslår nasjonalparkforvaltaren at det blir gitt løyve til inntil seks turar årleg. Dette talet turar stemmer og betre med tanke på at personane som blir frakta opp må fraktas ned att òg. Av omsyn til friluftslivet er det grunnlag for å ikkje gi løyve til helikopterflyging på sundagar og heilagdagdar.